



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Opplevingar av fattigdom og skam i
Norge og andre land.

Experiences of Poverty and Shame in
Norway and other Countries.

Karoline Fure

Bachelor i sosialt arbeid
Fakultet for helse og sosialvitenskap
Institutt for velferd og deltaking
10.06.2020

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Abstract

Despite Norway being a wealthy country, there are still people depending on welfare and living in poverty. This study will examine how poverty is experienced, especially in regards of psychosocial factors such as shame and deprivation. It will also compare the experiences of shame in regards of whether poverty is perceived similarly in Norway and in other countries in other parts of the world. And how worthiness and acknowledgment in relationships can contribute with developing resilience while living in poverty. Norwegians living in poverty reported to feel unsafe, less independent, socially devaluated, and to have low self-esteem. Experiences of feeling judged by the local community and social workers were also common. It turns out that shame linked to poverty are quite similar regarding reactions and the objects of shame, in Norway and other countries. This implies that shame is a common reaction to poverty, even when the severity of the problems, the cultures and the standards of living are very different. Those who had a network with people who cared and respected them were more likely to have higher self-esteem and self-worth, which is important for developing resiliens to handle difficult situations. This also included relationships with a sense of respect and worthiness with their social worker.

Innholdsfortegnelse

1.0 Innleiing	4
1.1 Bakgrunn	4
1.2 Problemstilling og avgrensing	5
1.3 Begrepsavklaring	5
1.4 Forforståing	6
1.5 Oppbygging av oppgåve	6
2.0 Metode	6
2.1 Metodisk tilnærming og kjeldekritikk	6
2.2 Søkeprosess	8
2.3 Dei fire artiklane	8
2.4 Annan litteratur	11
3.0 Teori.....	11
3.1 Absolutt og relativ fattigdom	11
3.2 Fattigdom i Norge i eit historisk perspektiv	12
3.3 Sosialhjelp i dag	14
3.4 Vegar inn i fattigdom.....	14
3.5 Skam og psykososiale konsekvensar av fattigdom.....	15
3.5.1 Deprivasjon.....	16
3.5.2 Traume	16
3.6 Resiliens.....	16
3.6.1 Anerkjennning	17
3.6.2 Sosial kapital.....	17
4.0 Presentasjon av funn.....	18
4.1 Korleis fattigdom opplevast av langtidsmottakarar i Norge	18
4.2 Skam og fattidom I Norge og andre land	18
4.3 Sosial kapital hos mottakarar av sosialhjelp i Norge	19
4.4 Fattigdom som kollektiv traume	20
5.0 Drøfting.....	20
5.1 Korleis pregar skam dei som lev i fattigdom i Norge over lengre tid?	20
5.2 Liknar norske opplevingar av skam dei opplevingane fattige i andre land og verdsdelar?	22
5.3 Korleis kan vørdrnad i sosiale relasjonar skape resiliens i Norge og andre land?	23
6.0 Avslutning.....	25
7.0 Referanseliste	26

1.0 Innleiing

1.1 Bakgrunn

«Man vil ikke fortelle noen hvor ille det står til. Man vil klare seg selv. Da er det vel skam, da. Når man ikke får det til å gå rundt. I hvert fall ser man seg omkring før man går inn døra til sosialkontoret.» Mona sitert i Solstad, 2011, s. 56).

I 1979 slo daværende statsminister Oddvar Norli fast at for første gong i Norge og dei nordiske land var fattigdom og sosial nød utrydda (Nestor, 1982, s 13 sitert i Terum 1998, s. 67). På trass av utsegnen til Norli er det forholdsvis mange i Norge som lev i relativ fattigdom i dag. I 2019 budde i følge Statistisk sentralbyrå 24% av befolkninga over 16 år i ein husstand som ikkje hadde moglegheit til å betale ei uventa rekning på over 18 000 kr (SSB, 2020). Oddvar Norli sitt utsegn visar og at definisjonar på fattigdom og sosial nød endrar seg over tid. Det er truleg forsett ein lang veg å gå før fattigdommen i Norge er utrydda, og ikkje minst i resten av verda, langt inn i framtida.

I eit historisk perspektiv har velferdssystemet minska forskjellane i Norge, som reknast som eit av dei rikaste landa i verda, der svært få lev i absolutt fattigdom. Fokus i denne studien er opplevinga av fattigdom, og dei psykososiale dimensjonane av fattigdom. Som skamkjensle og deprivasjon. Å vere fattig i vårt land kan vere ei tung bær å bære. I følge Ringen har det lenge vore politisk uvilje mot å snakke om fattigdom i Norge, ettersom den kan sjåast som ein trussel mot velferdssystemet (Ringen, 1998, sitert i Terum 1998, s. 67).

Truleg blir kunnskap om opplevingane til fattigdom eit viktigare tema framover grunna covid-19 og økonomiske nedgang i verda, som fører med seg tapt arbeid og nedgang i inntekt for svært mange. Det er viktig for sosionomar som skal jobbe med menneske som lever i fattigdom at ein forstår korleis fattigdom opplevast i vid forstand ikkje berre som økonomisk mangel, men korleis det verkar inn på sjølvvørnaden, skamkjensle og sosiale relasjonar. Tidlegare forskning har indikert at fattige i velstående land har lav sosial integrasjon, og at dei derfor ofte saknar personleg kontakt ettersom dei oftare ikkje er ein del av nettverk og organisasjonar (Böhnke, 2008, sitert i Harsløf & Seim 2008, s. 18-19).

Eg ønskjer å skaffe ei oversikt over forskinga ettersom dette har potensiale for å påverke profesjonsutøvarane som jobbar med dei gruppene i samfunnet som er mest råka av desse problem knytt til fattigdom. Forsking på dette feltet er også viktig for korleis politikken blir utvikla, og korleis fattigdom blir oppfatta allment. Dette vil igjen påverke korleis folk behandlar og reagerer på dei som lev i fattigdom.

1.2 Problemstilling og avgrensing

I denne oppgåva er eg interessert i korleis langvarig relativ fattigdom blir opplevd, med opplevingar fattige har av skam og vørndnad i andre land og verdsdelar. Eg ønsker å finne ut korleis fattigdommen blir opplevd negativt, men også korleis resiliens kan utviklast slik at det blir enklare å takle det som er vanskeleg. Eg er interessert å finne fram til kva slags fellestrekk ein finn ved vaksne som lever i fattigdom i ulike kontekstar og kulturar. Undertema i oppgåva er korleis skam pregar dei som lever i fattigdom over lenger tid, og korleis sosiale relasjonar kan vere oppbyggande og vere med på å utvikle resiliens. Dei sosiale omgjevnadane er svært viktig når ein tar for seg fattigdom, ettersom skam og sosial devaluering gjer vondt verre, medan støttande nettverk og gode relasjonar kan vere til god hjelp.

Problemstillinga er eg har valt er: «Korleis blir langvarig fattigdom opplevd for mottakarar av sosialhjelp i Norge?»

Underspørsmåla mine i oppgåva er:

- Korleis pregar skam dei som lev i fattigdom i Norge over lengre tid?
- Liknar norske opplevingar av skam dei opplevingane fattige i andre land og verdsdelar?
- Korleis kan vørndnad i sosiale relasjonar skape resiliens i Norge og andre land?

1.3 Begrepsavklaring

Eg har valt å fokusere på relativ fattigdom hos langtidsmottakarar av sosialhjelp i Norge, men eg vil samanlikne data frå Norge med data frå andre land og verdsdelar. Langvarig mottakar av sosialhjelp definere NAV med dei som mottar sosialhjelp i 12 månader eller meir (NAV, 2016), som er den definisjonen eg vel å bruke. Det er ulike definisjonar av fattigdom. I denne oppgåva er det relativ fattigdom eg har valt å fokusere på. Relativ fattigdom handlar om at ein har mindre i forhold til andre i omgjevnadane (Frønes & Strømme, 2014, s. 34- 35). Altså kan ein ha pengar til grunnleggande behov som mat og bustad, men ein har kanskje ikkje råd til å

eige bil eller datamaskin. På den andre sida handlar absolutt fattigdom om at grunnleggande behov ikkje blir dekt (FN, 2018).

1.4 Forforståing

Mi forforståing av dette temaet er prega utdanninga eg har tatt innan sosialt arbeid, gjennom teori og praksis. Korleis eg ser på fattigdom og sosiale problem har endra seg etter eg begynte å studere, som har gjort at eg er meir interessert og bevisst over sosiale faktorar i sosiale problem. Praksis på NAV i fire månadar har også prega korleis eg ser på fattigdom og langtidsmottakarar av sosialhjelp, blant anna gjennom kor lite økonomisk spelerom dei hadde og kor usikre dei verka. Eg tolka mange av dei som om dei følte seg mistenkeleggjorde, og at dei skamma seg over å søke om sosialhjelp. Enkelte verka også veldig engstelege over kva svar dei ville få. Noko anna som har prega mi forforståing av skam og fattigdom er reiser eg har vore på til land i Sentral-Asia. I Kazakhstan og Kirgisistan reagerte eg på kor vanleg det var å bruke mykje pengar på fine ytterklede og murar rundt eigendommene, også blant dei som hadde lite spelerom økonomisk. Dette gjorde dei for å skjule problema sine til dei rundt seg, altså dreiv skammen og behovet for anerkjenning dei til å sette opp falske fasadar.

1.5 Oppbygging av oppgåve

Eg skal no legge fram oppbygginga i denne oppgåva. Den første delen var innleiinga. I den andre delen tar eg for meg metodisk tilnærming, kjeldekritikk og søkeprosessen. Dei fire artiklane eg har brukt som empiri av Underlid, Walker m.fl., Malmberg-Heimonen og Shamai blir også presentert. I teoridelen tar eg for meg teori knytt til fattigdom, historisk bakgrunn i Norge, måtar ein kan bli fattig på i Norge i dag og eg skal forklare reglane og satsane for sosialhjelp frå NAV. Eg skal og ta fram korleis skam, traume og deprivasjon er viktige delar av opplevinga av fattigdom. Til slutt i teoridelen blir resiliens, anerkjenning og sosial kapital presentert. I fjerde del presenterer eg dei sentrale funna i artiklane eg har valt. I drøftinga skal eg svare på underspørsmåla ved å bruke funn frå artiklane og relevant teori. I neste del tar eg for meg drøftinga av underspørsmåla knytt til problemstillinga basert på forskingsartiklane og teorien. I den siste delen oppsummer eg hovudfunna i oppgåva og kjem med ein konklusjon.

2.0 Metode

2.1 Metodisk tilnærming og kjeldekritikk

Metode er framgangsmåten ein brukar for å finne svar på forskingsspørsmål, altså korleis ein samlar inn data til undersøkinga (Dalland, 2017, s. 52). Det er ikkje alle framgangsmåtar som passar alle forskingsspørsmål, derfor er det hensiktsmessig å vurdere kva metode som eignar seg best (Dalland, 2017, s. 51). I følgje Jacobsen vil framgangsmåten påverke reliabiliteten av resultatane ein kjem fram til (Jacobsen, 2010, s. 53). Vitskaplege artiklar har oftast anten ei kvalitativ eller ei kvantitativ tilnærming, og begge metodane kan på kvar sin måte gi ei betre forståing av eit område. Kvalitativ metode har som mål å fange opp opplevingar og mening på ein måte som tall og tabellar ikkje kan uttrykke, og går meir i djupna med eit større fokus på heilheit og det særleine (Dalland, 2019, s. 53). Kvantitativ metode har som mål å fange opp det som er målbart (Dalland, 2019, s. 52), som gjer det mogleg å få fram gjennomsnitt, breidde og presisjon på eit felt.

For å svare på problemstillinga i denne oppgåva har eg brukt litteraturstudie som metode, eg har valt ut fire artiklar. Eg har hovudsakleg vore ute etter litteratur som kunne gi innsyn i fattige sine opplevingar og psykososiale dimensjonar ved fattigdom. Ei litteraturstudie går ut på å bruke kunnskap som allereie finnast og systematisere andre sine funn (Støren, 2013, s. 17). Det krev kritisk refleksjon over korleis eg brukar litteratur og sekundærdata som kjelder. Kjeldekritikk har ulike sider. Først må ein finne ut som kjelda er truverdig (Dalland, 2017, s.). Eg må vise at datamateriale eg har valt ut er tilstrekkeleg for å svare på problemstillinga, samt vise tydeleg kva slaga kjelder eg har nytta (Dalland, 2017, s. 159). Ein må også vurdere kjeldenes relevans og begrunne om kjeldene seier noko om spørsmåla eg har stilt og problemstillinga i oppgåva. Kven har skreve teksten, kven blei den skrevet for, kvifor skreiv forfattaren om dette, kva som er formålet, er også noko ein må ta med i ei kritisk vurdering av kjeldene (Dalland, 2017, s. 160-161).

For å sikre at litteraturen og datamaterialet har ein viss fagleg standard og reliabilitet, har eg nytta søkemotorar for faglitteratur og brukt fagfelleverderte tidsskrift som inklusjonskriterium. At eit tidsskrift er fagfelleverdert betyr at det har fått ei akademisk bedømming og godkjenning av to eller tre anonyme og upartiske ekspertar innan fagområdet gjennom ein grundig vurderingsprosess (Utdanningsforskning, 2016). For å sikre validitet og avgrense søka valde eg hovudsakleg artiklar som tok for seg opplevingar knytt til relativ fattigdom, ettersom det var meir sannsynleg at dei ville kunne svare på problemstillinga. Eg unngjekk også å velje artiklar der barn hadde ei sentral rolle, problemstillinga mi gjaldt vaksne si oppleving. Andre inklusjonskriterier eg brukte var når forskinga blei publisert

(Støren, 2013, s. 39). Eg har brukt data som er frå år 2000 og utover, for få oppdatert forskning som er gyldig og relevant. I tillegg til datamateriale frå Norge, leita eg etter data frå andre land for å samanlikne. Derfor brukte eg norske og engelske søkeord, også med tanke på at mykje norsk forskning blir publisert på engelsk.

2.2 Søkeprosess

For å finne datamaterie har eg hovudsakleg nytta søkemotoren Oria, og i tillegg til PsychINFO. Søkeorda eg brukte var «Fattigdom» OR «Poverty», «Sosialhjelp» OR «Social assistance», «lav inntekt» OR «low income», «Social work» OR «sosialt arbeid». Eg brukte fleire søkeord i kombinasjon for å spisse inn søk, samt for å avgrense treff som ikkje var relevante for problemstillinga. Eg brukte AND mellom søkeorda, og nokre gongar NOT eller OR mellom søkeorda for å ekskludere tema (Støren, 2013, s. 38). Undervegs endra eg fokuset for problemstillinga, som førte til at eg søkeorda. I byrjinga av søkeprosessen var problemstillinga meir vinkla mot psykiske og individuelle perspektiv på opplevinga av fattigdom, derfor nytta eg søkeorda «mental health» OR «psykisk helse». Seinare vinkla eg problemstillinga meir mot dei sosiale aspekta av fattigdom og mestringsstrategiar knytt til fattigdom og brukte då søkeorda «resiliens OR resilience». Problemstillinga mi tar for seg langvarige mottakarar av sosialhjelp i Norge, men mange av treffa eg fekk tok for seg andre land, og var vinkla mot problem knytt til absolutt fattigdom. For å få fleire treff med forskning frå Norge, søkte eg med «Norge OR Norway». Fattigdom er eit viktig tema i oppgåva, og for å få relevant litteratur brukte eg også søkeorda «poverty OR fattigdom», «low income OR lav inntekt», og “social assistance OR sosialhjelp”. Mange artiklar tok for seg korleis fattigdom påverka barn og barneoppdragning, derfor prøvde eg meg av og til fram med å bruke eit ekstra søkefelt med «NOT kids OR children OR child OR barn».

2.3 Dei fire artiklane

I denne delen skildrar eg korleis eg kom fram til artiklane eg valte som empiri for oppgåva. Eg har valt ein kvantitativ artikkel for breidde, og tre kvalitative artiklar for djupn. Eg har valt å gjere det slik ettersom intervju med fokus på enkeltpersonar og deira perspektiv og opplevingar eignar seg best til å svare på problemstillinga om korleis relativ fattigdom blir opplevd. Nokon av artiklane tar også for seg problematikk og opplevingar knytt til absolutt fattigdom, men eg valte å bruke dei fordi dei også hadde perspektiv innan psykososiale dimensjonar som likna på dei relativ fattigdom også inneber. Eg har valt artiklar med

varierende tema, men alle bidreg til å gi eit meir utfyllande inntrykk av korleis fattigdom blir opplevd av langtidsmottakarar av sosialhjelp.

Den første artikkelen er skrevet av Underlid og publisert i 2008, «Fattigdommens lukt og smak – Funn frå ein studie om korleis fattigdom vert opplevd». I søket på Oria brukte eg orda «poverty OR fattigdom AND «mental health” OR “psykisk helse” AND Norway OR Norge AND «sosialhjelp» OR «social assistance». For å snevre inn resultat brukte eg fagfelleverderte tidsskrift, siste 20 år, og artikkel som inklusjonskriterier, og fekk 240 treff. Underlid var professor ved Avdeling for helse- og sosialfag på Høgskulen på Vestlandet (Underlid, 2005). Underlids artikkel var relevant fordi den bygg på ei undersøking som tok for seg opplevingane til respondentar som levde i fattigdom, og hadde mottatt sosialhjelp over lengre tid. Eg fann lite anna forskning som tar for seg opplevingsdimensjonane for fattigdom i Norge. Underlid skreiv artikkelen for psykisk helsearbeidarar og elles andre profesjonsutøvarar som jobbar med folk som lev med psykiske plager, sosiale problem og fattigdom. Artikkelen blei skreve for å få større fokus på kontekstuelle og sosiale faktorar, framfor medisinsk perspektiv.

Den andre artikkelen er skrevet av Walker, Kyomuhendo, Chase, Choudhry, Gubrium, Nicola, Lødemel, Mathew, Mwiine, Pellissery og Ming og blei publisert i 2013. Den heiter «Poverty in a Global Perspective: Is Shame a Common Denominator?» Eg søkte i Oria med orda «Poverty OR fattigdom AND Norway OR Norge AND «social assistance» OR «sosialhjelp» AND «Skam OR shame». Eg snevra inn treff ved å bruke fagfelleverderte tidsskrift, artiklar, språk og publisering siste 20 år som inklusjonskriterier, og fekk 125 treff. Walker, Chase, Choudhry og Nicola jobbar på avdelinga for sosialpolitikk og intervensjon ved Instituttet i Oxford. Kyomuhendo og Mwiine jobbar på Avdelinga for kvinner og kjønnsstudier ved Makerere Universitet i Uganda (Walker et al, 2013, s. 215). Gubrium og Lødemel jobbar som professorar på Instituttet for sosialfag på OsloMet (Oslomet, u. å.). Mathew jobbar på Avdelinga for psykologi ved Bangalore Universitet (Academica, u. å.) og Pellissery på Instituttet for offentleg politikk (Institute of Public Policy, u. å.) Begge jobba ved Instituttet for landleg leing i Anand, i India, ved publisering av artikkelen. Ming jobbar på Instituttet for sosiologi, på det Kinesiske Akademiet for samfunnsfag i Beijing (Walker et al., 2013, s. 215). Artikkelen til Walker m. fl. bygg på ei undersøkinga utført i Storbritannia, Kina, India, Pakistan, Uganda, Sør-Korea og Norge. Målet var å finne ut om skam og fattigdom blir assosiert med kvarandre, og om det kan vere ei universell oppleving. Den var

relevant for problemstillinga ettersom intervjudelen tar for seg opplevingar av og kjenslemessige reaksjonar på fattigdom og skam. I tillegg tok undersøkinga for seg kva slags forhold og situasjonar som skapte skam, og korleis skammen blei handtert.

Den tredje artikkelen eg valte blei skreve av Shamai, og blei publisert i 2018, og heiter «Is Poverty a Collective trauma? A Joint Learning Process with Women Living in Poverty in the City of Haifa in Israel» Eg fann den i Oria med søkeorda «Poverty OR fattigdom AND resilience OR resiliens». Eg brukt fagfelleverderte artiklar og publiseringar siste 10 år som inklusjonskriterier og fekk 36 036 treff. Eg fann denne artikkelen på side 9 i trefflista.

Shamai er professor ved skulen for sosialt arbeid på Universitetet i Haifa, og har tidlegare forska på traume knytt til krig og naturkatastrofar (Ministry of Science & Technology, u. å.). Kor mykje respondentane faktisk har til å leve på blir ikkje lagt fram, eg har tolka det som at nokre lev i absolutt og andre i relativ fattigdom basert på utfordringane som blir diskutert. Likevel såg eg denne forskinga som relevant for problemstillinga ettersom artikkelen ga detaljerte opplevingar frå intervju med respondentar, og at mange av dei psykososiale opplevingane som kjem fram er sannsynlegvis meir universelle, og derfor kan samanliknast med opplevingane av fattigdom i Norge. Artikkelen har fokus på kontekstuelle og sosiale forhold, men og på korleis situasjonane blei opplevd kjenslemessig for respondentane. Respondentane sine forhold til sosialarbeidarane blei også undersøkt. Artikkelen er skreve for sosialarbeidarar og sosiologar. Shamai utførte undersøkinga ettersom det aldri hadde blitt gjort noko forskning tidlegare på om fattigdom kan kategoriserast som kollektivt traume.

Den fjerde artikkelen eg valte blei skreve av Malmberg-Heimonen, den blei publisert i 2010 og heiter «The social capital and mental health of long-term social assistance recipients in Norway». Eg nytta Oria som søkemotor, og orda poverty OR fattigdom AND «mental health» OR «psykisk helse» AND Norway OR Norge. Eg brukte inklusjonskriteriene fagfelleverderte tidsskrift, publiseringar dei siste 20 år og artikkel. Da enda eg opp med 626 treff. Malmberg-Heimonen er professor ved OsloMet, ho har og ekspertise frå leiing av fleire randomiserte kontrollerte studiar innan utdanning og sosiale felt (Oslomet, 2020). Denne artikkelen var relevant for problemstillinga ettersom ho har undersøkt samanhengen mellom sosiale relasjonar og nettverk hos langtidsmottakarar av sosialhjelp. Denne artikkelen viser relevansen av sosiale ressursar, som kan gjere utvikling av resiliens enklare gjennom anerkjenning. Artikkelen er skreve for sosialarbeidarar, med grunngjevinga at det ikkje hadde

vore noko særleg forskning på effektane av sosial kapital hos mottakarar av sosialhjelp tidlegare

2.4 Annan litteratur

Eg har brukt ulik litteratur i teorikapittelet og definisjonar i oppgåva, det aller meste er fagbøker og artiklar som har vore pensum tidlegare i studiet. Eg har og valt å nytte delar av artiklane eg har valt som empiri i teoridelen. Malmberg-Heimonen sin artikkel om betydning av sosial kapital (2010), og Walker m. fl. sin artikkel om skam og fattigdom (2013). I tillegg har eg brukt teori som ikkje har vore pensum. «Fattigdommens dynamikk» av Harsløf og Seim, begge er førsteamanuensis ved Sosialforsk på OsloMet. Seim er og forskingsleiar ved Sosialforsk (Harsløf & Seim, 2008). Nettsidene til FN, NAV og Regjeringen har blitt brukt for definisjonar, Statistisk sentralbyrå har også blitt brukt for statistikkar.

3.0 Teori

I teoridelen vil eg gi eit betre innsyn i fattigdom som fenomen både slik det har endra seg historisk i Norge og peike på allmenne trekk på tvers av kontekstar, og då særleg psykososiale erfaringar relatert til skam. Eg vil bygge på fagbøker på studiet, men i tillegg bruke funn frå mitt litteraturstudium til å gå teoretisk i djupna på opplevinga av fattigdom, og korleis skam kan forståast som ei kjerneoppleving. Teori skal vere med på å opne for diskusjon seinare i oppgåva for å samanlikne skam i ulike verdsdelar på tvers av grad av fattigdom. I tillegg vil eg sjå på resiliens, på kva som kan motverke skam og negative opplevinga av fattigdom, som sosial kapital og anerkjenning,

3.1 Absolutt og relativ fattigdom

Fattigdom handlar om manglande moglegheiter til å leve eit liv i verdigheit, sjølvrespekt og likeverd med andre (Regjeringen, 2002). Når ein lev i fattigdom manglar ein grunnleggande ressursar, men det handlar også om begrensningar for å kunne leve eit verdig liv. Når ein snakkar om fattigdom er det hovudsakleg to omgrep som blir brukt, som nemnd i innleiinga, absolutt fattigdom og relativ fattigdom (FN, 2018). I Norge snakkar vi om relativ fattigdom, ikkje absolutt, som reknast ut ifrå EU si lavinntekstgrense som er 60% av medianinntekt (SSB, 2020). Fattigdom er noko som velferdsstaten sett inn tiltak mot, som arbeidsretta tiltak, trygge bustadar, helsetenester og integrering (Regjeringen, 2018). I tillegg til tilbod om sosialhjelp, vegleiing og kvalifiseringsprogram om naudsynt (Fylkesmannen, 2020). I Norge

blir fattigdom, og det å vere mottakar av sosialhjelp, opplevd som avvik, og ulike hendingar og sosiale situasjonar forsterkar denne opplevinga (Solstad, 2011, s. 57).

Absolutt fattigdom handlar om at grunnleggande behov for å overleve ikkje blir dekt. FN si grense for absolutt fattigdom er når ein lev på mindre enn 1,90 dollar om dagen. FN brukar ein multidimensjonal levekårs- og fattigdomsindeks (MPI) som ikkje berre målar fattigdom ut i frå kor mykje pengar ein hushold har, men og kor alvorleg og samansett fattigdommen er til dømes ut i frå tilgang på reint vatn, toalett, straum og standarden på bustad, analfabetisme og utdanningsnivå og levealder og helse (FN, 2018). Derimot handlar relativ fattigdom om kva ein har i forhold til kva andre har i omgjevnadane. Mange kan bli rikare i eit område, medan andre blir fattigare i forhold (Frønes & Strømme, 2014, s. 34- 35). Om ein er fattigare enn dei fleste i sitt land, blir ein rekna som relativt fattig (FN, 2018). FN har som sitt første bærekraftsmål å utrydde absolutt fattigdom, og halvere den relative fattigdommen innan 2030 i heile verda (FN, 2020).

I 2018 var medianinntekta for hushold på 666 000kr i Norge (SSB, 2020), altså var lavinntektsgrensa ut ifrå EU sin definisjon det året på rundt 399 600kr. Samanlikna med Storbritannia var medianinntekta for hushold i 2018 på 339 500kr (£28 400) (Office for National Statistics, 2019), da var deira lavinntektsgrense på 203 700kr. Dette illustrerer korleis ein kan ha ordinær inntekt ein stad, men vere rekna som relativt fattig ein anna stad. Altså er grensa for relativ fattigdom i Norge svært høg i forhold til andre land. Det er allment kjent at problema knytt til fattigdom er mykje større andre stadar enn dei i Norge. Likevel trur eg det kan vere hensiktsmessig å samanlikne opplevingane av fattigdom og skam, og korleis skammen påverkar på tvers av kulturar.

3.2 Fattigdom i Norge i eit historisk perspektiv

Fattigdom har i lange tider vore knytt til moralisme, spesielt i rike samfunn med velferdssystem ettersom det gjer dei fattige til ei økonomisk byrde for resten av befolkninga (Solstad, 2011, s. 57). I følgje Midré har oppfatninga av fattige regulert kva slags tiltak som har blitt nytta. Det første er moralen til dei fattige, om dei viser vilje og motivasjon til å betre eigen situasjon. Det andre er eigne ressursar for å forsørgje seg, hovudsakleg arbeidskompetanse. Det tredje er høve til å finne sin plass i arbeidslivet. Desse faktorane avgjer om tiltaka regnast som straff, hjelp til betring eller stønad (Midré, 2001, sitert i Underlid 2005, s. 23).

Norge har lange tradisjonar knytt til hjelp til fattige. I vikingtida skulle fattige flyttast frå gard til gard slik at dei kunne bli tatt hand om økonomisk av dei som hadde ressursar (Seip, 1994, sitert i Underlid 2005, s. 16). Ved innføringa av kristendommen i Norge, blei det vanleg å gi almisser til dei fattige, som også skulle gjere det lettare for dei som ga å komme til himmelen. Fattighjelp blei sett som eit påbod frå Gud. Når reformasjonen kom endra perspektivet seg til at arbeid blei sett på som ei plikt frå Gud. Å ikkje arbeide var skammeleg, fattigdommen blei derfor sett som ein konsekvens av latskap og ulydigheit mot Gud (Underlid, 2005, s. 17). Etter reformasjonen hadde kyrkja mindre makt enn tidlegare i samfunnet. I følgje Seip (1994) blei fattige delt inn i verdige og uverdige trengande. Dei verdige var gjerne skadde og sjuke, derfor hadde desse rett til hjelp. Dei uverdige, som blei rekna som friske og arbeidsføre, hadde ikkje rett til noko hjelp (Seip, 1994, sitert i Underlid 2005, s. 18). På 1800-tallet førte endringar i samfunnet som folkeauke, industrialisering og økonomisk endring til at fleire søkte arbeid i byane, eller i Amerika om ei hadde råd til reisa. Det fantast ordningar som fattiggardar i bygdene, fattighus i byane og omgangslegd som ga arbeid på ein gard for ei tid. I 1868 var det særleg mange fattige i bygdene, 10% av befolkninga i Norge fekk fattigstønad dette året (Underlid, 2005, s. 19). I 1845 fekk Norge si første fattigdomslov, men ansvaret låg på nærmiljøet, staten hadde lite ansvar på det tidspunktet. Furre skriv om at fattigdom var ein trussel for store delar av befolkninga på 1930-talet. Mange sleit økonomisk og folk flest hadde ingen annan sikkerheit enn fattigkassa ved bortfall av inntekt (Furre, 2000, sitert i Underlid 2005, s. 20). I 1936 kom lov om alderstrygd som var behovsprøvd, lov om arbeidsløysetrygd kom to år etter. Etter andre verdskrig kom lov om folketrygda i 1966, som førte med at alle hadde rett til alderstrygd. I 1980-åra blei perspektivet på fattigdom endra, og ein kalla det den moderne fattigdommen. Dette blei skildra som «lommer» av naud gøymd bak fasadar og blant velstand i samfunnet (Underlid, 2005, s. 22).

I dag framstår ikkje lenger dei fattige i Norge nødvendigvis som ei synleg eller tydeleg gruppe, det er heller ikkje enkle eller like årsaker til fattigdom. Likevel er det nokre risikofaktorar som har tilknytta større sannsyn for å bli fattige. Som kronisk sjukdom, folk med funksjonshemningar, medlemmar av etniske minoritetar og einslege forsørgjarar (Regjeringa, 2002). Tidlegare i Norges historie var fattigdommen meir alvorleg, og kan definerast som absolutt fattigdom. I dag er det relativ fattigdom som skapar flest problem i Norge.

3.3 Sosialhjelp i dag

Med det velferdssystemet vi har i dag, er det mogleg for dei med for få midlar å søke om sosialhjelp. I 2018 mottok nesten 55 000 nordmenn sosialhjelp som si hovudinntekt, om lag 133 000 menneske mottok sosialhjelp totalt i 2018 (SSB, 2020). Sosialhjelp er ei yting innan NAV som gir støtte til livsopphold om ein ikkje har tilstrekkeleg inntekt for å leve (Sosialtjenesteloven, 2009, §18). Dette inneber og eit kontrollaspekt ettersom NAV må vurdere om søker oppfyller vilkåra for støtte (Berg, 2015, s. 68). Om ein ikkje oppfyller vilkår for sosialhjelp etter §18, kan ein likevel få innvilga sosialhjelp om det kan vere til hjelp for å overkomme ein vanskeleg livssituasjon (Sosialtjenesteloven, 2009, §19). Dette lovverket er til for å betre levekåra til vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, samt fremme overgang til arbeid og deltaking i samfunnet. Lova skal også bidra for å hjelpe utsatte barn og unge (Sosialtjenesteloven, 2009, §1). For å få rett på sosialhjelp er det og eit krav at alle andre moglegheiter skal vere utprøvd (Rugkåsa, 2008, s. 217). Sosialhjelp er ei yting basert på skjønn både om det blir innvilga og til ein viss grad kor mykje ein får utbetalt (Regjeringen, 2020), men det er vanleg å nytte statlege veidande retningslinjer med satsar som blir justert etter endringar innan prisar. Retningslinjene omfattar utgifter til nødvendige behov som mat, klede, kommunikasjon, hushaldningsartiklar, hygiene, fritid og sosiale behov. Utgifter til bustad som husleige, straum, oppvarming og forsikring inngår i livsopphaldet, men kjem i tillegg ettersom prisane for dette varierer veldig. Satsane variere ut i frå alder på barn i husstanden, og kva slags busituasjon søkjaren er i. Til dømes ligg satsane i 2020 på 6 250 kr per månad for einslege, og 10 450 kr for par som bur i lag. For barn ligg satsane i 2020 på mellom 2 450 kr, 3 150 kr og 4 100 kr basert på kor gammalt barnet er (Arbeids- og sosialdepartementet, 2019). Utgifter til bustad som husleige, straum, oppvarming og forsikring inngår i livsopphaldet, men kjem i tillegg til dei veidande satsane ettersom prisane for dette varierer veldig. (Arbeids- og sosialdepartementet, 2019). Utifrå dette kan ein seie at å vere mottakar av sosial hjelp er det same som å vere fattig, ettersom dei har ein tendens til å ha inntekt under EUs lavinntektsgrense.

3.4 Vegar inn i fattigdom

I lange tider har fattigdom blant anna blitt assosiert med menneske som er mindre evnerike og motstandsdyktige i samfunnet, men det er mange måtar menneske kan bli fattige på i Norge. Underlid nemner nokre av dei typiske måtane dette skjer. Det første er utestengde arbeidrarar, som kan vere følgje av utestenging frå arbeidsmarknaden eller når ny teknologi tek over jobbar. Deklassert borgar med problem knytt til sjølvstendig næringsdrifter, som at ein går

konkurs. Kvinner som prioritetar å vere heimeverande framfor å jobbe. Livsovergangar, som frå utdanning til arbeid. Traume på grunn av store påkjenningar kan vere ein veg inn i fattigdom. Dette kan vere forhaldsvis normale hendingar som skilsmisse, arbeidsløyse eller økonomiske problem, men det kan og vere påkjenningar knytt til krig og konflikt hos flyktningar. Multiple og diffuse helseplager kan gjere det vanskeleg å vere i arbeid, men slike plager blir og ofte forsterka av økonomiske problem på grunn av kostnadar til helsehjelp og stress. Tilpassingsvanskar kan stamme frå vanskeleg oppvekst eller traume, og kan vise seg gjennom lav motivasjon, sviktande kompetanse eller brot med rådande verdiar eller normer (Underlid, 2005, 64-79).

3.5 Skam og psykososiale konsekvensar av fattigdom

I følgje Taylor har fokus på dei psykososiale konsekvensane av fattigdom fått meir merksemd, til dømes korleis skam spelar ei sentral rolle for korleis fattigdommen blir opplevd (Taylor, 2011, sitert i Walker et al. 2013). Skam er ei kjensle som det kan vere vanskeleg å skildre, og ikkje minst leve med (Håkonsen, 2014, s. 328). Ein bør heller ikkje gløyme at skam kan ha konstruktive og positive sider, ettersom den kan beskytte oss ved å definere dei private grensene. Dei negative sidene av skammen kan vere øydeleggande og føre til handlingslamming, sjølvforakt og i verste fall sjølv mord (Skårderud, Haugsgjerd & Stänicke, 2010, s. 32). I følgje Walker m. fl. er kjensla av hjelpelausheit som følgjer med skammen som assosierast med fattigdommen, som ikkje berre handlar og den enkelte si handlekraft. Skammen over eigne økonomisk problem opplevast individuelt, men denne skammen blir og pålagt av dei i samfunnet som ikkje er fattige, som media, myndigheitene eller kultur (Walker et al., 2013). I følgje Sinding handlar skam ofte om å ikkje føle seg som ein del av eit fellesskap, eller at medlemskapet er trua. Ein kan få eit motstridande ønske, som å trekke seg vekk på grunn av skammen, men ein vil og komme nærmare andre og få anerkjenning (Sinding, 2018, sitert i Følelleskompasset 2018).

Vetlesen skildrar skam med å føle på tomheit, framandgjerding og einsemd (Vetlesen, 2009, sitert i Håkonsen 2014, s. 328). I følgje Berg (2012) er det fire typar reaksjonar som er vanleg når ein opplev skam. Tilbaketrekking, ved å isolere og skjule seg. Sjølvangrep, ved å skade seg sjølv eller nedvurdere seg sjølv. Å vike unna, som kan uttrykkest gjennom benekting eller rusmisbruk. Og at ein angrip andre, ved verbale eller fysiske angrep eller projeksjon (Berg, 2012, sitert i Håkonsen 2014, s. 329). Henriksen (2005) trekk fram skam og begjær i forhold

til fattigdom. Ein ønsker å vere del av eit fellesskap og få aksept, skammen stamma frå eiga oppleving av at ein er utanfor fellesskapet (Henriksen, 2005, sitert i Solstad 2011, s. 56).

3.5.1 Deprivasjon

Deprivasjon tyder å bli fråtatt eller frårøva noko (Deprivere, 2020). Knytt til fattigdom kan livsstilsdeprivasjon vere at ein ikkje har råd til å aktivitetar, eigendelar eller andre goder som det er vanleg å ha. Eller rolledeprivasjon, som handlar om at ein ikkje får ta del i roller som gir respekt, spesielt rolla som arbeidstakar (Underlid, 2005, s. 125). I følgje Maslow (1970/1954) er sjølvvørtnad eit grunnleggande psykologisk behov, og blir plassert i behovspyramida på same nivå som kjærleik og tilhøyrse (Maslow, sitert i Underlid 2005, s. 214). Tradisjonelt sett, truleg heng det igjen også, at folk ser ned på dei som er fattige, eller har medynk med dei (Underlid, 2005, s. 214). Altså blir dei som lev i fattigdom også depriverte for vørtnad.

3.5.2 Traume

I følgje Underlid kan fattigdom vere nært knytt traume ettersom det kan føre til store kjenslemessige belastningar, enten i barndommen eller seinare i livet (Underlid, 2005, s. 71). I følgje Klest og Mills er sannsynet for å bli eksponert for traumatiske hendingar større om ein lev i fattigdom (Klest, 2012, & Mills, 2015, sitert i Shamaï 2018, s. 1719). Å bli traumatisert handlar hovudsakleg om tre forhold. Det første handlar om at noko forferdeleg skjer som ein ikkje har noko beskyttelse mot. Altså at ein opplev eit brot i kontinuiteten i livet, og at tryggleiken er forsvunnen. Det andre inneber ei oppleving av at ingen hjelper, og at ein er på eigen hand med å handtere situasjonen, angst og blir overvelda av situasjonen. Det tredje forholdet går ut på ei oppleving av at ingen bryr seg om det som skjer, som fører til oppleving av einsemd (Varvin, 2010, s. 411).

3.6 Resiliens

Resiliens kan definerast som evna til å takle oppgåver eller situasjonar på tross av store belastningar eller vanskar (Skårderud, Haugsgjerdet & Stänicke, 2010, s. 404). Det er ulike meiningar om kva som bidrar til resiliens. I følgje Hauser sin lagstidsundersøking på barn som vaks opp i dysfunksjonelle familiar, var det visse kjenneteikn som gjekk igjen hos dei som utvikla resiliens. Dette innebar at personen hadde tru på at dei kunne påverke sine eigne omgjevnadar, evne til å forhalda seg til eigne tankar og kjensler og evne til å inngå omsorgsfulle relasjonar (Hauser, sitert i Skårderud, Haugsgjerdet & Stänicke 2010, s. 404-)

405). I følge Garnezy og Rutter er det positive personlegheitsdisposisjonar, støttande familiemiljø og samfunnsforhold som støtter meistringsstrategiane som er sentralt for utvikling av resiliens (Garnezy & Rutter, 1938, sitert i Røkenes & Hanssen 2002, s. 258).

3.6.1 Anerkjenning

Anerkjenning er eit synonym for respekt, ein kan seie at anerkjenning er det motsette av skam. Når ein opplev anerkjenning i relasjonar kan ein føle seg trygg på å vise sidene av livet som ikkje er normative eller sårbare. Gjennom å føle seg anerkjent i sosiale relasjonar danner vi vår sosiale identitet, vi blir selvstendige og vi får bekrefting på kven vi er (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s 98). Rogers trekk fram korleis sjølvakseptering utviklar seg utifrå korleis ein blir behandla frå ein er barn. Noko av det ein gjer, føler og opplev blir akseptert og anerkjent, medan andre gongar blir ein møtt med likegyldigheit og avvising. På denne måten blir sjølvkjensle regulert av andre sine reaksjonar, og mønster blir danna rundt kva som er sett som akseptabel åtferd. Sjølvopplevinga blir altså styrt av dei sosiale relasjonane vi har. Derfor er sjølvopplevinga også lett påverkeleg utifrå om vi blir anerkjent eller avvist av dei som er viktige for oss (Rogers, 1957, sitert i Røkenes & Hanssen 2002, s. 190-191). Anerkjenning er ein av kjerneverdiane innan sosialt arbeid, likevel er det dessverre svært mange som opplev det motsette, som er svært uheldig ettersom mange av dei som treng hjelp frå sosialarbeidarar ikkje opplev nok anerkjenning frå før (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 98-99). Bernard foreslår eit fokus på brukarar sine styrker, spesielt i møte med dei som er i vanskelege situasjonar og manglar nettverk. Ho meiner at visse strategiar som å lytte, anerkjenne smerte og problem, påpeike styrker og binde ressursane til brukarens sine mål kan vere svært viktig for å hjelpe brukarar til å utvikle eigen resiliens (Benard, 2002, s. 215-216, sitert i Compton, Galaway & Cournoyer 2005, s. 46).

3.6.2 Sosial kapital

Sosial kapital handlar om kva slags kompetanse og ressursar ein har, individuelt eller kollektivt, i eit nærmiljøet gjennom venner familie og andre kjenningar. Denne kompetansen blir plassert som likeverdige med kulturell og økonomisk kapital (Frønes & Strømme, 2014, s. 23). Szreter og Woolcock trakk fram to sider av sosial kapital, binding og brubygging. Binding er viktig for å kunne forsterke eksisterande relasjonar, medan brubygging er viktig for korleis skape relasjonar med folk ein ikkje kjenner frå før (Szreter & Woolcock, 2004, sitert i Malmberg-Heimonen 2010, s. 92). Binding er viktig for personleg støtte i motgang, medan brubygging er viktig for å kunne mobilisere nettverket (Lin, 2001, sitert i Malmberg-

Heimonen 2010, s. 93). Det viktigaste er likevel at ein får anerkjenning i relasjonar, ettersom det bekrefter kven ein er (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s 98). Dermed er relasjonane viktige uansett.

I følgje Bourdieu går kapital i arv. Frå eit moderne perspektiv er kapital noko ein må samle over tid. Foreldres innsats kan påverke korleis og i kva grad barn samlar kulturell og sosial kapital gjennom kva dei oppfordrar barna til å gjere, støtte til utvikling og busituasjon som tilet barna å investere i miljøet (Frønes & Strømme, 2014, s. 24). I nokre statistikkar har det vore korrelasjon mellom barn med lav relevant sosial og kulturell kapital og gradvis marginalisering, ved mindre dei kompensere med individuelle ressursar (Frønes & Strømme, 2014, s. 25).

4.0 Presentasjon av funn

4.1 Korleis fattigdom opplevast av langtidsmottakarar i Norge

Underlid sin artikkel “Fattigdommens lukt og smak -Funn frå ein studie om korleis fattigdommen vert opplevd» frå 2008, bygg på intervju med 25 brukarar som har mottatt sosialhjelp over lengre tid. Han nytta lange og inngående intervju med stor tematisk breidde og med ei fenomenologisk tilnærming. Han nytta og ei kvantitativ undersøking for å kartlegge levekår i forkant av intervjuet. Målet med forskinga var å finne ut meir om korleis fattigdommen blir opplevd sosialt og kontekstuellt, ettersom mange av klientane som psykiske helsearbeidarar kjem i kontakt med har økonomiske problem i tillegg. Underlid kjem fram til at spesielt fire emne pregar opplevinga av fattigdom i Norge, noko som er eit viktig funn for mi oppgåve. Desse var opplevd utryggleik, svekka autonomi, sosial devaluering og truga sjølvbilete og sjølvvørnads (Underlid, 2008, s. 213). Fleire følte på utryggleik overfor når dei ville få pengar neste gang og uro knytt til økonomisk knappheit. Svekka autonomi førte til rolledeprivasjon og manglande sosial deltaking på aktivitetar og tradisjonar som er vanleg (Underlid, 2008, s. 215). Dei følte og på å bli sett ned på og vurdert negativt av andre. Respondentane hadde og truga sjølvbilete og sjølvvørnads, dette blei forsterka i sosiale samanhengar kvar fattigdommen blei eksponert (Underlid, 2008, s. 218-219).

4.2 Skam og fattidom I Norge og andre land

Walker, Kyomuhendo, Chase, Choudhry, Gubrium, Nicola, Lødemel, Mathew, Mwiine, Pellissery og Ming sin artikkel “Poverty in Global Perspective: Is Shame a Common Denominator” frå 2013 er eit internasjonalt samarbeidsprosjekt. Dei ville undersøke om skam er ein fellesnemnar i fattigdomsopplevinga, på tvers av kulturar. Dei hadde med respondentar frå Kina, India, Sør-Korea, Norge, Pakistan, Uganda og Storbritannia. Dei brukte kvalitative intervju, men gjorde litteratursøk i forkant i dei ulike landa for å finne standardiserte uttrykk for fattigdom og skam. Basert på desse funna utførte dei intervju med respondentane, kvart land blei representert med mellom 23 og 63 personar.

Eit resultat av undersøkinga er at skam er ei universell kjensle med liknande kjenneteikn i samfunn på tross av store kulturelle og materielle variasjonar av fattigdommen. Fattigdom var ei kjelde til skam for alle som deltok (Walker et al., 2013, s.215-216). Walker m. fl. kom fram til at det blei knytt skam til mangel på nødvendige behov som bustad og mat, men og til å ha lågare materiell standard enn andre i miljøet. Sosiale konvensjonar og institusjonar var ei kjelde til skam for respondentane, ettersom det kunne vere vanskeleg, eller umogleg, å leve opp til forventningane. Gjeld og lite økonomisk kontroll var også knytt til skam (Walker et al., 2013, s. 222-223). I fleire av kulturane blei sosialhjelp eller program mot fattigdom sett på som ei belastning å ta imot, på grunn av stigmatisering eller indre kjensler av skam (Walker et al., 2013, s. 226). Respondentane hadde ulike, men gjennomgåande responsar på skam. Nokon prøvde å sjå så normale ut som mogleg, blant anna ved å maksimere ressursar og minimere utgifter. Likevel var mange hindra moglegheiter frå systemnivå. Andre skjulte problema sine ved å sette opp fasadar og trekke seg frå situasjonar og arenaer. Nokon reagerte med sinne og resignasjon, eller la skulda på systemet eller folk rundt seg (Walker et al., 2013, s. 227-229).

4.3 Sosial kapital hos mottakarar av sosialhjelp i Norge

I “The social capital and mental health of long term social assistance recipients in Norway” frå 2010, legg Malmberg-Heimonen fram ei undersøking kvar ho ser etter samheng mellom god psykisk helse og sosial kapital for langtidsmottakarar av sosialhjelp i Norge. Ho tar for seg to dimensjonar av sosialkapital, brubygging av nye relasjonar og binding av eksisterande relasjonar. Malmberg-Heimonen nyttar ei kvantitativ studie med spørsmål kring symptom på psykiske lidingar og sjølvtilit. Binding blei undersøkt ved spørsmål kring relasjonar til familie, venner og moglegheiter til å mobilisere ressursar. Brubygging blei undersøkt ved spørsmål knytt til nabolag, lokal samfunnet, sosialarbeidarar og sosial tillit. Undersøking av

sosial brubygging viste at 56% aldri hadde delteke i ein organisasjon eller foreining, 47% hadde aldri besøkt naboane sine. Berre 20% trudde dei kunne få hjelp frå naboar eller andre om dei trong det. Når sosial tillit blei undersøkt, var det 27% av respondentane som hadde høg sosial tillit. 49% hadde tru på at deira sakshandsamar ville finne gode løysingar for dei (Malmberg-Heimonen, 2010, s. 100).

4.4 Fattigdom som kollektiv traume

Shamais artikkel “Is Poverty a Collective Trauma? A joint Learning Process with Women Living in Poverty in the City of Haifa in Israel” frå 2017 bygg på ei undersøking, ho og kvinner frå ei aktivistgruppe samarbeida om. Kvinnene i gruppa tok initiativ til læringsprosessen, og dei enda opp med å utvikle meir resilient åtferd. Shamai nytta kvalitative intervju i grupper. Respondentane var 12 kvinner som hadde nytta sosialhjelp over tid, dei fleste levde i fattigdom som barn også. Eit sentralt funn var at alle hadde kjensler av frykt og skam knytt til at nødvendige som behov ikkje blei møtt. Fleire følte på skam, utilstrekkelegheit og håplausheit knytt til rolledeprivasjon. Alle følte på einsemd ettersom fattigdom var tabubelagt og vanskeleg å snakke om. I tillegg hadde fleire kompliserte forhold til slekt og familie på grunn av konflikthar knytt til pengar. Kvinnene hadde også mykje sinne og aggresjon retta mot sosialarbeidarane som tok hand om dei, og såg dei som medansvarlege for at problema ikkje blei løyste, ettersom sosialarbeidarane representera myndighetene. (Shamai, 2018, s. 1724-1728). Alle kvinnene hadde hatt traumatiske erfaringar knytt til fattigdommen, og reagerte med forsvarsmekanismar, ofte aggressiv åtferd når liknande situasjonar oppstod (Shamai, 2018, s. 1729).

5.0 Drøfting

I denne delen har eg diskutert om eg har funne svar på problemstillinga og underspørsmåla gjennom datamaterialet. Problemstillinga er eg har valt er: «Korleis blir langvarig fattigdom opplevd for mottakarar av sosialhjelp i Norge?»

5.1 Korleis pregar skam dei som lev i fattigdom i Norge over lengre tid?

Som nemnt tidlegare, blir fattigdom knytt til moralisme ettersom ytingar frå NAV kostar samfunnet (Solstad, 2011, s. 57). Walker m. fl. fann ut at norske respondentar såg på det som vanskeleg å skulle gå på sosialhjelp på grunn av stigmatisering og skam (Walker et al., 2013, s. 226). Nordmennene i undersøkinga reagerte på skammen over fattigdommen ved å skjule

problema sine, ved å gjere det beste ut at situasjonen eller late som om alt var bra.

Tilbaketrekking frå situasjonar der fattigdommen er synleg, å reagere med sinne og skulde på nære personar eller offentlege representantar blei også tatt fram. For fleire av respondentane førte skammen til psykisk og sosial smerte, som hos nokre utvikla seg til depresjon og sjølv mordstankar (Walker et al., 2013, s. 227- 229).

Å bere på skam fører til sjølvforakt (Skårderud, Haugsgjerd & Stänicke, 2010, s. 32). I følgje Sinding er skam ofte ein reaksjon på å føle at ein ikkje høyrer til i eit fellesskap, eller at medlemsskapet er trua. Typiske måtar å reagere på skam er å trekke seg vekk (Sinding, 2018, sitert i Følelleskompasset 2018), denne åtferda stemmer godt med det respondentane fortel. Altså fører fattigdom ofte til skam. Når ein trekk seg tilbake kan det føre til sosial deprivasjon, som fører til mindre anerkjenning. Sidan skam i seg sjølv har ein tendens til å skape sjølvforakt, bidreg skammen og reaksjonane til ein negativ spiral av negative kjensler og tilbaketrekking frå fellesskap. Underlid trakk fram at sosial devaluering og truga sjølvbilete gjekk igjen hos respondentane. Sosial devaluering førte for mange til at dei opplevde seg vurdert negativt og med lite respekt av andre rundt. Fleire opplevde og avmakt i møte med offentlege tenester og relativ deprivasjon. Ei anna utfordring mange sleit med var truga sjølvbilete og sjølvvørndad. Funna frå dette området bestod blant anna av at dei opplevde seg sjølv, eigen åtferd og andre sin behandling av dei som negativ, som følgje av fattigdommen. Plassering i klassehierarki og samanlikning med dei rundt påverka også sjølvvørndad og sjølvbiletet hos fleire (Underlid, 2008, s. 217-219).

Underlid trakk også fram opplevd utryggleik og svekka autonomi som ei vanleg oppleving. Norge er trass alt prega av individualisme, fridom og autonomi, er det ikkje rart at fattigdom opplevast som skammeleg og mentalt vanskeleg (Hellevik, 1996, sitert i Underlid 2008, s. 220). Opplevd utryggleik blei spesielt knytt usikkerheit over neste gong dei fekk innvilga få pengar, ettersom sosialhjelp er behovsprøvd. Mange av respondentane hadde og usikre leigeforhold og problem med gjeld. Svekka autonomi førte til at respondentane ikkje nødvendigvis kunne delta i aktivitetar og tradisjonar som det er vanleg å delta i, dette gjorde det også vanskeleg å planlegge framtida. Dette førte til at mange brukte alle krefter på å overleve økonomisk, og blei passiviserte på andre områder (Underlid, 2008, s. 215-217). Malmberg-Heimonen understrekte også korleis skam og kjensler av å føle seg dømd av behovsprøvde offentlege tenester styrkar skammen og psykiske symptom (Malmberg-Heimonen, 2010, s. 103-104).

5.2 Liknar norske opplevingar av skam dei opplevingane fattige i andre land og verdsdelar?

Noko som blei sett som skammeleg for alle respondentane var å ta imot sosialhjelp eller fattighjelp. Respondentar frå Norge og Uganda fortalte om korleis dette forsterka opplevinga av skam og mislykkaheit, fordi dei måtte innrømme at dei ikkje strakk til på eiga hand (Walker et al., 2013, s. 226). Walker m. fl. kom fram til at respondentane frå Norge og dei andre landa reagerte på skammen av fattigdommen med å skjule problema, ved å gjere det beste ut at situasjonen, sette opp fasadar eller late som alt er bra. Ein norsk og ein britisk respondent fortalte at de skjulte for andre at det frivillig arbeidet og praksisarbeidet gjennom NAV ikkje var lønna arbeid (Walker et al., 2013, s. 227). Alle respondentane i Haifa følte på einsemd ettersom fattigdommen var tabubelagt og vanskeleg å snakke om, sjølv når fattigdommen var synleg for andre (Shamai, 2018, s. 1727). For fleire av respondentane, i Norge og andre land, førte skammen over å ikkje ha kontroll til psykisk og sosial smerte, som hos nokre utvikla seg til depresjon og sjølv mordstankar (Walker et al., 2013, s. 228).

Tilbaketrekking frå situasjonar der fattigdommen er synleg, å reagere med sinne og skulde på nære personar eller offentlege representantar var også felles for alle landa. (Walker et al., 2013, s. 228-229). Respondentane i Haifa trakk seg også unna situasjonar eller aktivitetar som kunne eksponere fattigdommen for andre, samt aggressivitet ovanfor familie og sosialarbeidarar (Shamai, 2018, s. 1729). Om ei ser på det Varvin seier om oppleving av traume, kan ein knytte det til funna av Shamai. Ei oppleving einsemd av at ingen ser ut til å bry seg om problem ein har knytt til fattigdom (Varvin, 2010, s. 411) om det så er familie eller offentlege tenester, kan ein tenkje seg lett kan føre til kjensler av skam også. Det er truleg at dette blir opplevd likande både for folk i Haifa og Norge, samt resten av verda. Desse funna kan relaterast til funna til Underlid kvar det kom fram at respondentane følte seg sosialt devaluerte. Fleire følte seg vurderte negativt på grunn av fattigdommen eller konsekvensane av fattigdomen. Fleire hadde og truga sjølvbilet og sjølvvørnd, som ein kan knytte til skam (Underlid, 2010, s. 219).

I følgje funna frå forskinga av Walker m. fl. blei skam knytt til fattigdom opplevd svært likt i Norge samanlikna med andre land i ulike verdsdelar sjølv om materiell levestandard varierte mykje. Skam over bustad med lågare standard var felles på tvers av kulturane. Å bu med lågare standard, i farlege strøk og under usikre leigeforhold blei opplevd som skammeleg

både i Norge, Uganda og Storbritannia. Respondentane frå desse landa fortalde om skam knytt til å ha gjestar på besøk (Walker et al., 2013, s. 223). Walker m. fl. fann og ut at skam knytt til rolledeprivasjon var ei gjennomgåande problemstilling. Døme på dette var å ikkje kunne leve opp til forventingar frå familie, som å gi borna det dei trong. Respondentane rapporterte at skammen blei enda større når barna slutta å spørje etter ting. Forventningar knytt til kjønn blei også tatt fram, som at menn skal forsørge familien og at det utfordra deira identitet når dei ikkje makta dette. (Walker et al., 2013, s. 224-225).

I forskinga av Shamai fortel respondentane frå Haifa om skam knytt til mangel på nødvendige behov og på materielle goder som er vanlege å ha, som å eige ei datamaskin. Det blei opplevd som vanskeleg å ikkje kunne gi barna alt dei trong og ønska får å få aksept, eller skjule fattigdommen (Shamai, 2018, s. 1726). I undersøkinga av Walker m. fl. var det fleire respondentar som valte å trekke seg bort frå situasjonar fordi dei ikkje har økonomisk kapasitet til å delta, eller fordi dei følte seg dømd av dei andre. Dette kunne vere andre sine dømmende blikk, eller å ikkje ha råd til å kjøpe gåver (Walker et al., 2013, s. 228).

I undersøkinga av Malmberg-Heimonen var det ikkje korrelasjon mellom hyppig kontakt med familie og god psykisk helse (Malmberg-Heimonen, 2010, s. 100). Dette undra meg over. Men det er mogleg at hos folk som har sosialhjelp som hovudinntekt, er det kanskje fleire utfordringane knytt til familie. Som i artikkelen av Walker m. fl. hadde mange anspente forhold til slekta si på grunn av ulike forventingar om hjelp og støtte, og tenester som ikkje blir gjengjeldt og skulding av pengar (Walker et al., 2013, s. 224). Dette er også noko Shamai trekker fram, respondentane fortalde om ulike konflikhtar og problem i familiane som dei meinte blei verre av fattigdommen. Til dømes hadde nokre opplevd vald og mykje krangling i heimane som følgje av stress og frustrasjon som følgje av den økonomiske situasjonen (Shamai, 2018, s. 1725). Malmberg-Heimonen at respondentane som hadde hyppig kontakt med venner og sosial ressursar som dei kunne støtte seg på i naud at desse hadde betre psykisk helse enn dei som ikkje hadde sosiale ressursar (Malmberg-Heimonen, 2010, s. 100).

5.3 Korleis kan vørndnad i sosiale relasjonar skape resiliens i Norge og andre land?

I forskinga av Malmberg-Heimonen var det korrelasjon mellom meistring og god psykisk helse hos dei som hadde kontakt med sitt nettverk og følte at dei kunne støtte seg på dei. Det var også korrelasjon mellom dei som hadde sosial tillit, og god sjølvtilit og meistring.

Det var korrelasjon mellom dei som hadde kontakt med venner og dei som hadde god psykisk helse. Dei som hadde høg grad av sosial tillit viste seg også å ha god psykisk helse, meistring og godt sjølvbilette (Malmberg-Heimonen, 2010, s. 103). Ein kan tenke seg at ein er mindre stressa og engsteleg om ein trur at andre kjem til å behandle ein bra.

I følgje Hauser har ein person større sjanse for utvikling av resiliens om dei trur dei kan påverke sine omgjevnadar, ha omsorgsfulle relasjonar og har evne til å forhalde seg til eigne tankar og kjensler (Hauser, sitert i Skårderud, Haugsgjerdet & Stänicke 2010, s. 404-405). Dei fleste kan nok kjenne seg igjen i at gode relasjonar kvar ein føler seg respektert og anerkjent er ein viktig del alle tre faktorane som Hauser beskriv. Rogers trakk fram nokre faktorar for sjølvakseptering, og at det utviklar seg utifrå korleis ein blir behandla frå ein er barn. Noko av det ein gjer, føler og opplev blir akseptert og anerkjent, medan andre gongar blir ein møtt med likegyldigheit og avvising. På denne måten blir sjølvkjensle regulert av andre sine reaksjonar, og mønster blir danna rundt kva som er sett som akseptabel åtferd. Altså er sjølvopplevinga styrt av andre rundt oss, (Rogers, 1957, sitert i Røkenes & Hanssen 2002, s. 190-191).

Å føle seg respektert og verdsett av andre er svært viktig for danning av eit positivt sjølvbilette (Håkonsen, 2014, s. 184) Dette kan dermed også vere viktig for utvikling av resiliens, ettersom faktorar som å ha tru på eigen påverking av omgjevnadane, og evne til å danne gode relasjonar truleg er enklare om ein har noko godt sjølvbilette. I undersøkinga av Shamai kom det fram at verdien av å ha eit nettverk for kvinnene var høg, ettersom dette var eit fellesskap kvar dei støtta, anerkjente og delte opplevingane med kvarandre (Shamai, 2018, s. 1726). Ettersom denne undersøkinga også var eit læringssamarbeid, tolkast framstillinga av prosessen som om Shamai og kvinnene var meir likestilte og anerkjente kvarandre, i staden for ein ovanfrå og ned forhold. Det å snakke saman i grupper om fattigdom trur eg vi kan lære av i Norge, kanskje haddde det vore til hjelp for dei har levd i fattigdom over lengre tid i Norge å ha ein arena kvar dei har tilbod om å snakke med andre i same situasjon?

Malmberg-Heimonen kom fram til at dei som hadde eit bra forhold til sosisjonen hadde betre sjølvtilitt og sjølvkjensle (Malmberg-Heimonen, 2010, s. 102). Større sannsyn for å kunne utvikle resiliens om ein har tru på eigen verdi og ein har nokon som støtter og anerkjenner ein. Dette viser at det å ha ein dialogpartnar er viktig og at det kanskje ikkje er så viktig alltid kven det er. Respondentane i Haifa hadde generelt mykje sinne retta mot

sosialarbeidarane, sjølv når dei hadde vore til hjelp (Shamai, 2018, s. 1728-1729), men kanskje er det positivt å kunne ha nokon å rette sinne mot når ein har det vanskeleg? I følge Shamai viser dette at sosialarbeidarar har ei sentral rolle i liva til dei som lev i fattigdom, og at sosialarbeidarane på ein måte blir symbolsk for liding og smerte (Shamai, 2018, s. 1729).

6.0 Avslutning

I 1979 sa Oddvar Norli at Norge hadde kvitta seg med fattigdommen, men fortsett er det folk som lev i fattigdom og mottar sosialhjelp i Norge. I denne oppgåva har eg studert opplevingane til folk som lev i fattigdom i Norge og andre delar av verda. Eg har hatt psykososiale faktorar som skam og deprivasjon i fokus. Studien har også samanlikna opplevingane kring skam og fattigdom i andre delar av verda liknar på opplevingane i Norge. Korleis vørndnad og anerkjenning i relasjonar kan medverke til utvikling av resiliens har også vore i fokus.

Nordmenn som levde i fattigdom rapporterte at dei følte seg utrygge, mindre sjølvstendige, sosialt devaluert og at dei hadde lav sjølvtilitt. Fleire følte seg dømde av folk i nærmiljøet og sosialarbeidarane (Underlid, 2008, s. 219). Slike opplevingar av utanforskap kan lett koplast til skam. Skam knytt til fattigdom blei opplevd likande både når det gjaldt reaksjonar til skammen og kva som var grunnane til det i Norge og andre land. Dette tyder på at skam er ein felles reaksjon på fattigdom, også når graden av problem, kulturane og levestandardane er svært annleis. Respondentar som hadde eit nettverk med folk som respekterte og brydde seg om dei hadde større sannsyn for å ha betre sjølvbilete og sjølvvørndnad, som er svært viktig for utvikling av resiliens og for å kunne takle vanskelege situasjonar betre. Dette gjaldt også relasjonar til sosialarbeidarar, kvar respondentane følte seg respektert. Dette kan indikere at kven ein har sosiale relasjonar med er mindre relevant så lenge ein får anerkjenning av andre.

Utifrå eiga forforståing og arbeidet gjennom prosessen av denne undersøkinga, trur eg at å leve på sosialhjelp er ei stor påkjenning om ein så bur i Norge, eller andre stadar i verda. Frå eit materielt perspektiv mottek ein mykje mindre pengar ved sosialhjelp som hovudinntekt enn kva som er lavinntektsgrensa i Norge, som blir tatt fram i teoridelen. Utifrå det eg har undersøkt verkar det som at dei sosiale dimensjonane kanskje er dei tyngste når det gjelde fattigdom i Norge, og dei landa eg har tatt med i samanlikninga. Stigmatisering frå samfunnet, å ikkje føle seg på lik linje med andre og skam verkar svært tungt i alle kulturane. Eg tenkte

for meg sjølv før eg starta undersøkinga at dei som lev i absolutt fattigdom kanskje bryr seg litt mindre om dei sosiale aspekta ved fattigdom enn dei som lev i relativ fattigdom. Etersom overleving kanskje tok mest fokus. Dette har eg ikkje tru på lenger. Skam og deprivasjon blei skildra som sentralt og tungt i alle landa uavhengig av grad av problem. Når det gjeld sosialarbeidarar sin innverknad, har det vore fokus på gjennom heile studiet. Etter denne undersøkinga har eg enda større tru på korleis det kan påverke brukarar positivt, og negativt, etter funna frå undersøkingane til Malmberg-Heimonen og Shamai.

Når eg begynte arbeidet på denne oppgåva hadde covid-19 for alvor spreidd seg i Norge, og store delar av verda. Det vil vise seg om covid-19 fører til at økonomien i verda endrar seg, om det skulle skje kanskje fattigdom blir sett frå eit meir strukturelt perspektiv enn i dag på grunn av karantenetiltak og svekka kjøpekraft. Kanskje moralisme og skam knytt til fattigdom kjem til å endre seg i tida som kjem? I artikkelen av Shamai kvar respondentane blei intervjuet i grupper, utvikla dei meir resiliens ved å støtte og anerkjenne kvarandre. Kanskje burde gruppeterapi i større grad ha vore eit tilbod i regi av NAV for dei som mottek sosialhjelp over lengre tid?

7.0 Referanseliste

Academia. (u. å.) Leemamol Mathew. Henta 7. juni 2020 frå <http://bub.academia.edu/LeemamolMathew>

Berg, K. (2015). Velferdsstatens sikkerhetsnett. I L. C. Kleppe (Red.), Sosialt arbeid: En grunnbok. (65-79). Oslo: Universitetsforlaget

Compton, B. R., Galaway, B. & Cournoyer, B. R. (2004) *Social Work Processes*. Belmont: Wadsworth Publishing

Ellingsen, I. T. & Skjefstad, N. S. (2015). Anerkjennelse, myndiggjøring og brukermedvirkning. I L. C. Kleppe (Red.), Sosialt arbeid: En grunnbok. (97- 111). Oslo: Universitetsforlaget

FN. (2018, 26. april) Fattigdom. Henta frå <https://www.fn.no/tema/fattigdom/fattigdom>

Frønes, I. & Strømme, H. (2014). *Risiko og marginalisering: Norske barns levekår i kunnskapssamfunnet*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Fylkesmannen. (2020, 10. januar). Fattigdomsbekjempelse. Henta frå <https://www.fylkesmannen.no/nb/Helse-omsorg-og-sosialtjenester/Fattigdomsbekjempelse/>

Følelseskompasset. (2018) Skam. Henta frå <https://folelseskompasset.no/informasjon/ulike-folelser/skam/>

Harsløf, I. & Seim, S. (2008). Fattigdom i en norsk velferds kontekst. I S. Seim (Red.) *Fattigdommens dynamikk: Perspektiver på marginalisering i det norske samfunnet*. (13-29) Oslo: Universitetsforlaget

Håkonsen, K. M. (2014). *Psykologi og psykiske lidelser*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Institute of Public Policy. (u. å.) Sony Pellissery. Henta 7. juni 2020 frå <https://mpp.nls.ac.in/faculty/dr-sony-pelliserry-associate-professor-and-member-mpp-council/>

Jacobsen, D. I. (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring: Innføring i metode for helse- og sosialfagene*. Kristiansand: Høyskoleforlaget

Malmberg-Heimonen, I. (2010). The social capital and mental health of long-term social assistance recipients in Norway: Sosialt kapital och mental hälsa hos langvariga mottagare och socialbidrag I Norge. *European Journal of Social Work*, 7(01), 91-107

Ministry of Science & Technology. (u. å.) Shamai, Michal. Henta 7. juni 2020

<http://muchanut.haifa.ac.il/index.php/en/about-eng/first-row/researchers/item/67-shamai-michal>

NAV (2016, 2. mars) Langtidsmottakere av økonomisk sosialhjelp. Henta frå

<https://www.nav.no/no/nav-og-samfunn/kunnskap/analyser-fra-nav/arbeid-og-velferd/arbeid-og-velferd/langtidsmottakere-av-okonomisk-sosialhjelp>

Office for National Statistics. (2019, 26. februar) Average household income, UK: Financial year ending 2018. Henta frå

<https://www.ons.gov.uk/peoplepopulationandcommunity/personalandhouseholdfinances/incomeandwealth/bulletins/householddisposableincomeandinequality/yearending2018>

OsloMet. (u. å.) Erika Gubrium. Henta 7. juni 2020 frå

<https://www.oslomet.no/om/ansatt/erikgu/>

OsloMet. (u. å.) Ira Malmberg-Heimonen. Henta 7. juni 2020 frå

<https://www.oslomet.no/om/ansatt/iram/>

OsloMet. (u. å.) Ivar Lødemel. Henta 7. juni 2020 frå

<https://www.oslomet.no/om/ansatt/ivarlo/>

Regjeringen (2018, 7. juni). Fattigdom. Henta frå

<https://www.regjeringen.no/no/tema/pensjon-trygd-og-sosiale-tjenester/innsikt/fattigdom/id2009662/>

Regjeringen. (2002, 12. februar). Fattigdom og tiltak mot fattigdom i Norge. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/fattigdom-og-tiltak-mot-fattigdom-i-norg/id105713/>

Rugkåsa, M. (2008) 30 cm tekstil. Klesdrakt og inkludering i arbeidslivet. I S. Seim (Red.), *Fattigdommens dynamikk: Perspektiver på marginalisering i det norske samfunnet*. (208-223) Oslo: Universitetsforlaget

Røkenes, O. H. & Hanssen, P.-H. (2002). *Bære eller briste: Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker*. Bergen: Fagbokforlaget.

Shamai, M. (2018) Is Poverty a Collective Trauma? A Joint Learning Process with Women Living in Poverty in the City of Haifa in Israel. *The British Journal of Social Work*, 2018(6), 1718-1735. Henta frå <https://doi-org.galanga.hvl.no/10.1093/bjsw/bcx116>

Skårderud, F., Haugsgjerd, S. & Stänicke, E. (2010). *Psykiatriboken: sinn- kropp- samfunn*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Solstad, A. (2011). *Pengene og livet: Økonomisk rådgiving i sosialt arbeid*. Oslo: Universitetsforlaget

Sosial- og arbeidsdepartementet. (2009). *Statlige veiledende retningslinjer for økonomisk stønad for 2020*. (Rundskriv A-2/2019) Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-a-22019-statlige-veiledende-retningslinjer-for-okonomisk-stonad-for-2020/id2683327/>

Sosialtjenesteloven. (2009). Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (LOV-2009-12-18-131). Henta frå https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-12-18-131/KAPITTEL_4#KAPITTEL_4

Statistisk sentralbyrå. (2020). Innteksts- og formuesstatistikk for husholdninger. Henta frå <https://www.ssb.no/statbank/table/06944/tableViewLayout1/>

Statistisk sentralbyrå. (2020). Økonomisk sosialhjelp. Henta frå <https://www.ssb.no/soshjelpk>

Statistisk sentralbyrå. (2020, 28. april). Fattigdomsproblem, levekårsundersøkelsen. Henta frå <https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/statistikker/fattigdom/aar>

Støren, I. (2013). *Bare søk! Praktisk veiledning i å skrive litteraturstudier*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Terum, L. I. (1998). Perspektiv på fattigdom. *Tidsskrift for velferdsforskning*, 1998(2), (67-81)

Underlid, K. (2006). *Fattigdommens psykologi*. Oslo: Det Norske Samlaget

Underlid, K. (2008). Fattigdommens lukt og smak – Funn frå ein studie om korleis fattigdom vert opplevd. *Tidsskrift for psykiske helsearbeid*, 2008(03), 213-222.

Utdanningsforskning. (2016, 15. April) Artiklene på Utdanningsforskning.no/
Fagfelleverderte artikler. Henta frå <https://utdanningsforskning.no/artikler/artikler-om-utdanningsforskning/hva-er-fagfelleverdert-artikkel/>

Varvin, S. (2010). Overgrep og traumatisering. I F. Skårderud (Red.). *Psykiatriboken: Sinn. kropp - samfunn*. (411- 421). Oslo: Gyldendal Akademisk

Walker, R., Kyomuhendo, G., Chase, E., Choudhry, S., Gubrium, E. K., Nicola, J. Y., Lødemel, I., Mathew, L., Mwiine, A., Pellissery, S. & Ming, Y. (2013). Poverty in Global Perspective: Is Shame a Common Denominator? *Journal of Social Policy*, 2013(02), 215-223.

Vedlegg for søkeprosessen

	Søkeord 1	Søkeord 2	Søkeord 3	Søkeord 4	Søkeord 5	Søkeord 6	Søkeord 7	Søkeord 8
Norsk	Fattigdom	Psykisk helse	Sosialt arbeid	Sosialhjelp	Norge	Resiliens	Lav inntekt	Skam
Engelsk	Poverty	Mental health	Social work	Social assistance	Norway	Resilience	Low income	Shame

Namnet på artikkelen/ Referansen i APA-stil	Kvar/ korleis eg fann den	Mine kommentarar – kvifor eg valde denne?
Underlid, K. (2008). Fattigdommens lukt og smak – Funn frå ein studie om korleis fattigdommen vert opplevd. <i>Tidsskrift for psykisk helsearbeid</i> , 2008(03), sidespenn 213-222.	Søkemotor: Oria Søkeord: poverty OR fattigdom AND “mental health” OR “psykisk helse” AND Norge OR Norway AND “Sosialhjelp” OR “social assistance” Inklusjonskriterier: fagfelleverderte tidsskrift, publisering siste 20 år, artikkel Treff: 240	-Respondentar som hadde mottatt sosialhjelp over lengre tid -Konkrete eksempel på korleis fattigdommen blei opplevd -Tar for seg opplevingar av fattigdom i Norge

<p>Malmberg-Heimonen, I. (2010). The social capital and mental health of long-term social assistance recipients in Norway: Sosialt kapital och mental hälsa hos långvariga mottagare av socialbidrag I Norge. <i>European Journal of Social Work</i>, 2010(13), sidespenn 91-107.</p>	<p>Søkemotor: Oria</p> <p>Søkeord: poverty OR fattigdom AND «mental health» OR «psykisk helse» AND Norway OR Norge</p> <p>Inklusjonskriterier: fagfelleverderte tidsskrift, publisering siste 20 år</p> <p>Treff: 626</p>	<p>-Respondentane mottok sosialhjelp</p> <p>-Tar for seg resiliens gjennom sosial relasjonar</p> <p>-Tar for seg fattigdom i Norge</p> <p>-Tar for seg relevansen relasjonar til sosialarbeidar</p>
<p>Walker, R., Kyomuhendo, G., Chase, E., Choudhry, S., Gubrium, E., Nicola, J., Lødemel, I., Mathew, L., Mwiine, A., Pellissery, S. & Ming, Y. (2013). Poverty in Global Perspective: Is Shame a Common Denominator? <i>Journal of Social Policy</i>, 2013(42-2), sidespenn 215-233.</p>	<p>Søkemotor: Oria</p> <p>Søkeord: «Poverty OR fattigdom AND Norway OR Norge AND «social assistance» OR «sosialhjelp» AND «Skam OR shame»</p> <p>Inklusjonskriterier: fagfelleverderte tidsskrift, artikkel, publisering siste 20 år, engelsk, norsk</p> <p>Treff: 125</p>	<p>-Respondentane hadde mottatt sosialhjelp, i dei landa som hadde ei slik ordning</p> <p>-Positive og negative meistringsstrategiar</p> <p>-Samanlikning av skam knytt til fattigdom i Norge og andre land</p>
<p>Shaima, M. (2018). Is Poverty a Collective Trauma? A Joint Learning Process with Women Living in Poverty in the City of Haifa in Israel. <i>The British Journal of Social Work</i>, 2018(48-6), sidespenn 1718-1735.</p>	<p>Søkemotor: Oria</p> <p>Søkeord: poverty OR fattigdom AND resilience OR resiliens</p> <p>Inklusjonskriterier: fagfelleverderte tidsskrift, publisering siste 10 år</p> <p>Treff: 26 036, treff nr. 83</p>	<p>-Dei fleste av respondentane hadde mottatt sosialhjelp</p> <p>-Resiliens og meistringsstrategiar blir skildra</p> <p>-Psykososiale dimensjonar, som skam, deprivasjon og traume knytt til fattigdom</p> <p>-Detaljerte skildringar av opplevingar knytt til fattigdom og psykososiale følgjer.</p> <p>-Tar for seg relasjon til sosialarbeidarar</p>



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgåve

BSV5-300 Bacheloroppgåve utsett frist 10.
juni

Predefinert informasjon

Startdato:	13-05-2020 13:29	Termin:	2020 VÅR2
Sluttdato:	10-06-2020 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgåve	Studiepoeng:	15
SIS-kode:	203 BSV5-300 1 BO 2020 VÅR2		
Intern sensor:	Inger Johanne Solheim		

Deltaker

Naun:	Karoline Fure
Kandidatnr.:	414
HVL-id:	573627@hul.no

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	10458		
Egenerklæring *:	Ja	Inneholder besvarelsen konfidensielt materiale?:	Nei
Jeg bekrefter at jeg har registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:	Ja		

Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei